



# Referat

## Studentparlamentsmøte 25.11.2020

**Tid** Torsdag 25.11.20 kl 16.00-19.30  
**Stad** Aasen-auditorium

**Til stades med stemmerett: 10**

**AHL** Matilde Tafjord Rødhammer (H), Mariely Gonzalez Barboza (V)  
**AKF** Pernille Fynbo Gajhede (H), Vilde Aulstad (V)  
**AMF** Nora Skranefjell (H), Sander R. Hauge (H),  
**ASH** Stian Woo Andersson (V)  
**FRI** Simen Vederhus (H), Jonas Közle (H), Daria Jermacane (V)

**Meldt forfall:** Irmelin Angell Losvik (AHL), Heidi Werkland (AKF), Maral Pour Khodabakhs (ASH), Marte Nesfossen (FRI), Anna Kristin Indridadottir (AU)

**Til stades utan stemmerett**

**AU** Trym Nikolas Rimmen, Paloma Lonenzale Alonso, Allan Levi Melby, Arnaud Duhamel  
**Ordstyrar** Simen Jester Langeland  
**Kontrollkomitéen** -  
**Organisasjonskonsulent** Marit Aklestad (referent)  
**Andre møtande/gjestar** Studentar: Trygve Taranger (V), Stine-Mari Sjøholt (Høgskulestyret)

	<b>Saksliste for studentparlamentsmøte 25.11.20</b>	
25	Opprop og val av møteleiing	V
26	Godkjenning av innkalling og saksliste	V
27	Godkjenning av referat	V
28	Orienteringar	O
29	Oppdatering av vedtektene til Studentprisen	V
30	Kommunikasjonsstrategi	D
31	Studentinvolvering og allmøter	D
32	Photo Wall	D
33	Arbeid i miljøgruppa	O
34	Eventuelt: Juleavslutning, vedtektsgruppe og krisefond	
	Møteslutt og møtekritikk	

## Sak 25 – 20/21: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Trym Nikolas Rimmen

---

### Namneopprop

Ordstyrar får oversikt over deltakarar på møtet og fastslår om vi er vedtaksdyktige.

### Val av møteleiing

#### Vedtak

- Simen Jester Langeland vart vald til ordstyrar
- Marit Aklestad og Simen Jester Langeland vart valde til teljekorps.

## Sak 26 – 20/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar

---

### Godkjenning av møteinnkalling

#### Vedtak:

Studentparlamentet godkjende møteinnkallinga.

### Godkjenning av saksliste

#### Vedtak:

Studentparlamentet vedtok sakslista med tre eventuelt-saker: juleavslutning, vedtektsgruppe og krisefond.

## Sak 27 – 20/21: Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak

---

#### Vedtak:

Studentparlamentet godkjenne referatet frå sist møte, 29.10.20.

## Sak 28 – 20/21: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak  
Saksframleggar: Trym Nikolas Rimmen

---

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover.

Leiar Trym:

- Allmøte for tillitsvalde vart gjennomført på måndag. Godt oppmøte og mange innspel
- Omdisponeringsbudsjettet: AU har spelt inn meir midlar til sosiale møteplassar på campus (ute og inne).
- Microbølgeovn: AU tek det opp med leiinga på leiingsmøte i morgon

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

- Arbeidsgruppe sosial møteplass
- LMU: møteplassar på campus og inkluderingspolicy, NOKUT evaluerer enkelte studieprogram.
- Utdanningsutvalet: implementering av MID og tilpassar emner og studier til medieutdanninga.
- Internasjonalt utval: førebuingar for innkomande studentar komande semester.

Høgskulestyret: Stine-Mari Sjøholt orienterte

- Rekneskap, korona har ført til at ein brukar mindre og annleis enn normalt, og ein ser på korleis bruke midlar klokt
- Budsjett 2021: finansiering av masterprogram på lærar
- Ei utfordring å jobbe for at fleire skal fullføre mastergrader på normert tid.
- Langsiktige behov for HVO. Mediehuset, nye masterprogram og phd-stillingar. NOKUT-førebuingar. Kvaliteten i utdanningane på alle nivå.
- Har studentane i tankane når vi er i styret, ønske om t.d. å få mediebygget best mogleg.

## Sak 29 – 20/21: Oppdatering av vedtektene til Studentprisen

Type sak: Vedtakssak

---

Vedtektene for Studentprisen har ikkje vore oppdaterte sidan februar 2017, og AU har jobba med ei revidering. AU har sendt dei eksisterande vedtektene på høyring til leiinga ved Høgskulen og til Studentsamskipnaden i Volda saman med utkast til oppdaterte vedtekter.

### Vedtak:

Studentparlamentet vedtok framlagt forslag til oppdaterte vedtekter for Studentprisen

## Sak 30 – 20/21: Mediestrategi

Type sak: Diskusjonssak

---

Informasjonsansvarleg i AU, Anna Kristin Indridadottir, la fram utkast til mediestrategi, og Studentparlamentet kom med innspel.

### Innspel til AU sitt vidare arbeid:

- Stolar på AU og infoansvarleg på sosiale media
- Bra å gi ei plattform til studentorganisasjonane
- Det viktigaste er at de gjer det, vis fram kva vi gjer, fyll opp «sendetida»
- Bruke meir instagram og snap. Fb er utdatert, brukt mest til messenger eller grupper.
- Tilpasse ulikt innhald til ulike plattformer
- Start å gjere det, sjå kva som fungerer, og tilpass etter kvart.

## Sak 31 – 20/21: Student involvement and General assemblies

Type sak: Diskusjonssak

---

Jonas la fram sak om korleis vi kan involvere studentar meir og at ønskjer og forslag frå studentar blir tatt med. Allan supplerte med å orientere om Studentrådet og allmøte for tillitsvalde vi hadde på mandag. Har fått inn mange innspel som AU vil systematisere og jobbe vidare med.

### Innspel frå Studentparlamentet til AU sitt vidare arbeid:

- Viktig å få kontaktinfo frå alle tillitsvalde raskare, vi er i prosess for å forbetre arbeidet
- Forslag: Eigne avdelingsvise møter for tillitsvalde? Dele inn i grupper under møtet for å få meir ut av det?

- Forslag: Studentrepresentantane i parlamentet kan ha to møter kvart semester på sine avdelingar for å få inn info om kva som går føre seg der. Lage ein mal på kva vi vil ha av info frå studentane frå avdelingane.
- Tenk neste steg, bruke informasjonen som har kome inn til noko vidare
- Involvere klassene og få fleire idear, nytt møte neste semester
- Strategi for involvering
- Link på nettsidene – send ideane dine her
- Forslagskasse i det nye sosiale området i kantina eller digital
- Legge inn at studentar kan kome med forslag når dei stemmer i parlamentsvalet

AU tek med seg innspela i vidare arbeid og plnlegg oppfølgingssak til februar møtet.

## Sak 32 – 20/21: Photo wall

Type sak: Diskusjonssak

---

Jonas la fram sak om å bruke plakatveggane til fotoutstillingar eller liknande.

### Innspel frå Studentparlamentet:

- Må gjerast kjent, promoter ledige tider på veggen og la studentar bruke den
- Setje av tid i kalenderen til plakatveggen
- Høyre med Peikestokken, lage konkurranse, gi folk eit tema
- Bruke i undervisning, kreativt studentarbeid
- Gi oppgåve til studentorganisasjonane
- Studentorganisasjonane har ikkje alltid råd til å bruke pengar på plakatar, så SP kan vurdere å setje av pengar til dette.

AU tek med seg innspela i vidare arbeid.

## Sak 33 – 20/21: Arbeid i miljøgruppa

Type sak: Orienteringssak

---

Arnaud orienterte om arbeidet til miljøgruppa så langt. Dei har møttest i november og har tre områder med idear:

- Kutte eingangsbestikk og fat i SP
- Kantina: Tilby meir vegetarmat og god kvalitetsmat i kantina – i dialog med kantina, som har planar om å utvide dette tilbodet
- Kantina: Erstatte plast med organisk eingangsutstyr sjølv om det er dyrare
- SiVolda: bygningsmasse og studentbustader. Når dei skal renovere, må dei stille strenge miljøkrav, miljøsertifisering.

- Vil lage ein miljøuttale som parlamentet kan vedta.
- Kantina gir vekk mat som snart går ut på dato til Pangaia. Vi vil systematisere det og minimere avfall.
- Miljøveke på campus. Events, presentasjonar, temaveke om miljø
- Kutte plastposar på biblioteket
- Resirkuleringsstasjonar blir rulla ut, redusere søppelbøtter
- Skru av lyset på biblioteket

Miljøgruppa (Arnaud, Jonas, Alex, Mariely og Marte) vil jobbe vidare med ideane og lage utkast til uttale.

## Sak 34 – 20/21: Eventuelt

Type sak: Orienteringssak

---

### 34.1 Juleavslutning

Planlagt juleavslutning 17.12. blir avlyst, men det skjer litt sosiale hendingar på høgskulen i regi av Pangaia, ReAct og Velferdsgruppa som ein kan melde seg på.

- AU vil forsøke å ta att den sosiale aktiviteten i parlamentet så snart koronarestriksjonane lettar.

### 34.2 Vedtektsgruppe

Vedtektene til Studentparlamentet blir gått igjennom kvart år, og blir reviderte ved behov. AU lurar på om nokon i parlamentet har ønske om å vere med i ei arbeidsgruppe som ser på eventuelle vedtektsendringar.

- Daria og Mathilde blir med i arbeidsgruppa.

### 34.3 Krisefond for utanlandsstudentar

Mariely har meldt inn sak om at utanlandsstudentar som har mista deltidsjobben sin fell utanfor dei ordinære støtteordningane gjennom Lånekassen og NAV, og står i ein vanskeleg situasjon. Forslag om å opprette krisefond etter mal frå Universitetet i Bergen.

- AU tek saka opp på komande leiingsmøte.